

Søsterby Fergus Falls, vidare samarbeid

Bakgrunn

Vi har fått eit brev frå venneforeininga ved Vestnorsk Utvandringsssenter med spørsmål Regionrådet på generelt grunnlag vil sjå positivt på søknader frå søsterbykomiteén. Brevet er lagt ved her. Venskapsbysamarbeidet med Fergus Falls går langt tilbake i tid og det har vore varierende aktivitet. Kulturutvalet i 2013 gjorde følgjande vedtak: «*Kulturutvalet støtter Søsterbykomiteen med eit bidrag på kr. 10 000,- årleg frå 2013 – 2015. Dette er til administrering av komiteen.*» Rapporten om arbeidet frå desse åra vart sendt inn i februar 2017.

Spørsmålet frå venneforeininga reiser diskusjon om revitalisering av søsterbysamarbeidet. Komiteén har no berre nye medlem og er ikkje så aktive, men vi veit at det har vore noko utvekslingssamarbeid mellom Fergus Falls og Knarvik Vgs. Det er ikkje midlar i NUI sitt budsjett til slike søknader så her må kommunane bidra med evt nye midlar inn.

Utvalet si vurdering

Utvalet peiker på at dette er ein forpliktande søsterbyavtale, etter internasjonale kriterier for slike avtalar, inngått i 2007. Formålet er å bidra til mellommenneskeleg forståing og utveksling for fredskapande arbeid. Utvalet meier at komiteen bør ha eit lite budsjett som 'botnfinansiering' for å få opp gode tiltak og vil leggje saka fram til handsaming i Regionrådet.

Innstilling frå Utvalet

Utvalet for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling vil oppmode Regionrådet til å støtte Søsterbykomiteen sitt arbeid. Utvalet vil foreslå ei ramme på inntil 20 000 til komiteearbeid og mindre prosjekt. Om komiteen har større prosjekt bør Regionrådet vise til andre støtteordningar.